

**Fra:** Jon-Rune Smørdal <[Jon-Rune.Smordal@hfk.no](mailto:Jon-Rune.Smordal@hfk.no)>  
**Dato:** 17. oktober 2018 kl. 13:59:50 CEST  
**Til:** Øyvind H Oddekalv <[Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no](mailto:Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no)>  
**Kopi:** John Martin Jacobsen <[John.Martin.Jacobsen@hfk.no](mailto:John.Martin.Jacobsen@hfk.no)>  
**Emne: SV: Frekhaugkrysset - ønske om strakstiltak**

Til Meland kommune v/ordfører Øyvind H. Oddekalv

Vegseksjonen har bedt om ei ny vurdering frå Statens vegvesen med utgangspunkt i opplysningane i e-posten din 6. juli 2018, og fått følgjande vurdering:

«

Vi viser til oppmodinga frå Meland kommune om å vurdere strakstiltak i Frekhaugkrysset på nytt. Dette på bakgrunn av forventa auka trafikk i krysset, kombinert med at den planlagde rundkøyninga truleg ikkje vil stå klar før i 2023. Kommunen opplever at det er for lenge å venta til 2023 når strakstiltaket synes å vera enkelt.

Realisering av rundkøyninga er blant anna avhengig av godkjent reguleringsplan. Når denne er godkjent og kontaktutvalet i Nordhordlandspakken gjer klarsignal, vil vi ha fokus på å bygga rundkøyninga. Slik sett er dette faktorar som kan føra til tidlegare eller seinare slutføring av prosjektet enn 2023.

Som det går fram av tidlegare svar må også fortauet utvidast dersom feltbredda i krysset skal gjerast breiare. I tillegg må ei lysmast flyttast og eit rekkverk må justerast. Kostnaden med strakstiltaket er kostnadsrekna til kr 1,2 mill. Tiltaket vil vera i strid med den gjeldande områdeplanen, og vil difor minimum trenge dispensasjon frå plankrav. Dersom vi skal utføra dette strakstiltaket, vil det tidlegast stå klart i 2019. Ut frå den korte levetida tiltaket vil ha og ut frå dei moderate ulempene trafikantane har i dag, meiner vi at det vil vera feil å bruka rundt kr 1,2 mill til strakstiltaket. Dette uavhengig av om strakstiltaket skal finansierast via Nordhordlandspakken eller av det ordinære investeringsbudsjettet.

«

Vegseksjonen foreslår at eventuelt vidare vurdering og drøfting av saka vert gjort gjennom kontaktutvalet for Nordhordlandspakken.

Venleg helsing

**Jon-Rune Smørdal**  
seniorrådgjevar  
Samferdelsavdelinga | vegseksjonen



Mobilnr: 958 90 511

e-post: [Jon-Rune.Smordal@hfk.no](mailto:Jon-Rune.Smordal@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Øyvind H Oddekalv <[Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no](mailto:Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no)>

**Sendt:** fredag 6. juli 2018 13:25

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak <[HFk@hfk.no](mailto:HFk@hfk.no)>

**Kopi:** John Martin Jacobsen <[John.Martin.Jacobsen@hfk.no](mailto:John.Martin.Jacobsen@hfk.no)>; Jon-Rune Smørdal <[Jon-Rune.Smordal@hfk.no](mailto:Jon-Rune.Smordal@hfk.no)>

**Emne:** SV: Frekhaugkrysset - ønskje om strakstiltak

Hei,

Vi vil starte med å takke for svaret, sjølv om vi ikkje er einige i konklusjonen. Sidan vi sende inn denne førespurnaden har arbeidet med rundkjøring i Frekhaugkrysset blitt utsett, og i den overordna framdriftsplanen som Statens vegvesen la fram i slutten av mai 2018, har Frekhaugkrysset fått sluttdato våren 2023. Dette betyr at det ikkje vil bli ei løysing på trafikkproblema på Frekhaug før om 5-fem år. Dette finn dei næringsdrivande i Frekhaug senter uhaldbart.

Vi vil igjen vise til dei argumenta som vi tok opp i april, og vil tillegge dette:

I kommunestyremøtet i juni handsama vi sak om skuleskyss for elevane frå Flatøy som går på Sagstad skule. I rådmannen si saksutgreiing var innstillinga at 4.-7. trinn-elevane ikkje lenger skulle få gratis skuleskyss. Dette vart avvist av kommunestyret og alle barneskuleelevane frå Flatøy vil framleis ha rett til gratis skuleskyss.

Det blir stadig meir trafikk i området rundt Frekhaug senter. Stadig fleire av tomtene i Mjåtveit næringspark blir realiserte med næringsbygg, noko som aukar næringstrafikken i området. All denne næringstrafikken passerer Frekhaugkrysset.

Snøggbåten til Bergen opplever, heldigvis, aukande trafikk kvart år. For å tilrettelegge for dette har m.a. Meland kommune, i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, tilrettelagt for fleire parkeringsplassar i tilknytning til Frekhaug kai. All denne trafikken går gjennom Frekhaugkrysset. Det blir frå hausten 2018 lagt opp til matebussar til båten, noko som vil auke busstrafikken gjennom krysset og i området.

Igjen vil vi be vegeigar om å vurdere strakstiltak i Frekhaugkrysset. Som vi skriv i april er det gjerne nokre få 10-tals cm som er det som skal til for å løyse problema som dei næringsdrivande i Frekhaug senter opplever kvar dag. Gang- og sykkelvegen på E39 på Flatøy vart monaleg innsnevra for å auke framkoma for utrykningskjøretøy etter at det vart etablert midtdelar på staden. Vi kan ikkje sjå at det er gjort ei konkret vurdering av dette i svaret som ligg føre (anna enn at det berre blir avvist)?

På denne bakgrunnen ber vi om ei ny vurdering av dette.

Beste helsing

**Øyvind H Oddekalv**  
ordfører



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450

[oyvind.oddekalv@meland.kommune.no](mailto:oyvind.oddekalv@meland.kommune.no) | [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

[Sjå brosjyren vår](#)

 **Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.**

---

**Fra:** Jon-Rune Smørddal [<mailto:Jon-Rune.Smordal@hfk.no>]

**Sendt:** 21. juni 2018 14:34

**Til:** Øyvind H Oddekalv

**Kopi:** John Martin Jacobsen

**Emne:** Frekhaugkrysset - ønskje om strakstiltak

Til Meland kommune v/ordfører Øyvind H. Oddekalv

Vi viser til e-post nedanfor og dialogen i vinter om det er mogleg å få utført strakstiltak for å betre framkome i Frekhaugkrysset.

Statens vegvesen har gjort følgjande vurderingar:

«

Vi viser til spørsmål om utviding av vegkrysset mellom Fv 564 og Havnevegen på Frekhaug. Slik vi forstår er det ynskje om at utkøyringa frå Havnevegen blir utvida slik at det i praksis blir to felt ut mot Fv 564 (markert på bildet under). Dette fordi det ofte er kø for å koma ut på Fv 564.


Bredden mellom fortauskanten og dråpeøya er på det smalaste ca 4,9 m. Det fører til at særleg bilar som skal ut til venstre i nokre tilfelle sperrar for bilar som skal ut til høgre. Det er kun lagt opp til eitt felt ut, men for at bussane ut frå terminalen skal ha plass, er feltet såpass bredt at det er plass til to personbilar. Ei korttidsregistrering (kl 15–16) viste at køen ikkje varte meir enn eit par minutt før den løyste seg opp. Så kom det en ny situasjon nokre minutt seinere. Vi har ikkje registrert køsituasjonen over lengre tid og vi vil tru at køen truleg har varierende omfang frå dag til dag.

Fortauet har her ei bredde på ca 2,5 m, noko som er omlag den bredda som fortauet har vidare inn på bussterminalen. Vi vil frarå å flytta fortauskanten lenger inn slik at fortauet blir smalare. Dersom fortauskanten skal flyttast inn, må fortauet utvidast tilsvarande. Dette fører også til at ei lysmast må flyttast og at eit rekkverk må justerast. Alt dette kan ikkje utførast utan detaljprosjektering og saksbehandling. Vi gjer merksam på at desse tiltaka vil vere i strid med den gjeldande områdeplanen, og vil nok minimum trenge dispensasjon frå plankrav.

Ved å flytta fortauskanten lenger ut, vil kryssingsbredda for fotgjengarane auke litt. Det vil derimot bli ein svært liten breddeauking all den tid kryssinga allereie ligg ganske langt ute mot Fv 564. Slik sett vil denne justeringa i liten grad gje redusert tryggleik for kryssande fotgjengare. Havnevegen bryt den samanhengande gang- og sykkelvegen mellom Frekhaug og Flatøy. Dersom krysset skal utvidast, bør det samtidig vurderast å merke opp gangfelt i krysset.

I Nordhordlandspakken har utbetring av Frekhaugkrysset (inkludert utbetring av Fv 244) prioritet 5. Krysset blir truleg bygd om i løpet av få år. I så tilfelle vil nytten av

kryssjusteringa til Havnevegen bli svært begrensa. Ut frå ei totalvurdering vil vi ikkje rå til å utvida krysset no.



«

Som det går fram av vurderinga tilrår ikkje SVV å gjere tiltak for å utvide krysset no, men om det skal utførast har dei kalkulert det til å koste om lag 1,2 mill. kr.

Som vegeigar meiner vi at ein kostnad på 1,2 mill. kr for denne midlertidige løysinga vert for dyr. Ei større ombygging av krysset til rundkøyring ligg inne som prioritet nr 5 i Nordhordlandspakken og skal etter planen realiserast i løpet relativt få år.

Venleg helsing

**Jon-Rune Smørdal**  
seniorrådgjevar  
Samferdelsavdelinga | vegseksjonen



Mob: 958 90 511

e-post: [Jon-Rune.Smordal@hfk.no](mailto:Jon-Rune.Smordal@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Øyvind H Oddekalv <[Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no](mailto:Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no)>

**Sendt:** 9. april 2018 11:08

**Til:** John Martin Jacobsen <[John.Martin.Jacobsen@hfk.no](mailto:John.Martin.Jacobsen@hfk.no)>

**Emne:** Frekhaugkrysset, strakstiltak

Hei

Viser til dialog vi har hatt om mindre tiltak for å betre framkome i Frekhaugkrysset. Som kjent opplever dei næringsdrivande i Frekhaug senter at det er problem med å kome ut frå Frekhaug på fylkesvegen, dette skapar tidvis køar og Frekhaug senterforening ønskjer at det vert gjort strakstiltak for å betre framkoma. Ein er fullstendig klar over at det skal kome ei rundkjøring her, men ein ønskjer at det blir gjort strakstiltak for å betre tilhøva innan den tid. Ei løysing vil vere å utvide kjørebana med nokre titals cm, dette vil medføre at det blir rom for to biler ut av Frekhaugkrysset samstundes (mot Rossland og mot Flatøy). Vi viser til at eit liknande tiltak vart gjort på E39 ved Hjelten for å betre framkoma der etter at ein fekk på plass midtdelar.

Vi ber om at Hordaland fylkeskommune som vegeigar tar denne saka opp med Statens vegvesen med mål om at ein kan få til strakstiltak som betrar framkoma fram til den endelege løysinga for Frekhaugkrysset er på plass.

Beste helsing

**Øyvind H Oddekalv**  
ordfører



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450

[oyvind.oddekalv@meland.kommune.no](mailto:oyvind.oddekalv@meland.kommune.no) | [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

[Sjå brosjyren vår](#)

 **Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.**